Bevarings- og kassasjonsplan for Askvoll kommune

Gjeldande frå 2023

Oppdatert
13.03.2023

Innhaldsliste

Innleiing 5

Lovverk 6

Begrepsavklaring 7

Bevaring 7

Bevaringsverdi 7

Meirbevaring 7

Kassasjon 7

Arkivavgrensning 8

Formål med ein bevarings og kassasjonsplan (bk-plan) 8

Kassasjon 9

Arkivlokalar og oppbevaring av arkiv 9

Avlevering/bortsetting/deponering 9

Avleveringstidspunkt 10

Klargjering 10

Pakking og merking 10

Avleveringslister 10

Gjennomføring og godkjenning 11

§ 7-24 Administrasjon og politikk 12

1) Administrativ og politisk organisering 12

2) Valg og medbestemmelse 13

3) Foretak, selskap og interkommunale samarbeidsordningar 14

4) Sikkerhet og beredskap 15

5) Kommuneadvokat og fylkesadvokat 17

6) Administrative tjenester 18

§ 7-25 Økonomi, verksemdstyring, rekneskap og innfordring 21

1) Budsjett og virksomhetsstyring 21

2) Rekneskap og revisjon 22

3) Kapitalforvaltning, låneopptak, legatvirksomhet 22

4) Kommunal eiendomsskatt 23

§ 7-26 Personalforvaltning og folkevalde 26

1) Ansatte i kommune og fylkeskommune 26

2) Folkevalgte 30

§ 7-27 Kommunal og regional planlegging, byggjesak og oppmåling 32

1) Kommunal og regional planlegging 32

2) Byggesaksbehandling 33

3) Oppmåling 35
§ 7-28 Opplæring og oppvekst 36
1) Tjenestetilbud, planer, rutiner, rapporter og evalueringer, samarbeid mellom enhetene, jf. opplæringslova kap. 13 36
2) Barnehage 36
3) Grunnskoleopplæring 40
4)Vidaregåande opplæring 46
5) Skolefritidsordning (SFO) 47
6) Musikk- og kulturskolen 48
7) Pedagogisk psykologisk teneste (PPT 49
8)Oppfølgingstjenesten 51
9) Barnevern 52
§ 7-29 Helse og omsorg 55
1) Innledende bestemmelser 55
2) Folkehelse, frisklivssentral, helsestasjonstjenester og tannhelsetjeneste 56
3) Allmennmedisinske tenester 58
4) Akuttmedisinsk tenester 59
5) Helse- og omsorgstjenester i hjemmet og på institusjon 60
6) Krisesenter 67
7) Skjenkebevilling 68
§ 7-30 Sosial- og velferdstenester 69
1) Sosialtjenesten (NAV) 69
2) Kommunens arbeid med flyktningar og innvandrere 71
§ 7-31 Næring, miljø og samfunnsutvikling 72
1) Landbruk og skogbruk 72
2) Akvakultur, fiske og viltforvaltning 73
3) Naturforvaltning, miljø og forureining 75
4) Nærings-, og samfunnsutvikling og internasjonalt samarbeid 77
§ 7-32 Kultur, idrett, friluftsliv og kirke 78
1) Kulturminnevern 78
2) Kunst- og kulturformidling 79
3) Bibliotek 82
4) Arkivdepot 83
5) Idrett og friluftsliv 84
6) Kyrkje og trussamfunn 86
7) Kino og ungdomsklubbar 86

§ 7-33 Tekniske tenester, brannvern og samferdsel 87
1) Eigedomsforvaltning.....87
2) Vann og avløp (sjå og Naturforvaltning, miljø og forureining) 88
3) Renovasjon og avfall.....89
4) Havnevesen 90
5) Samferdsel.....91
6) Brann og redning 93

Innleiing

Bevarings- og kassasjonsplan baserar seg på Øygarden sin bevarings- og kassasjonsplan oppdatert i 2020.

Askvoll kommune har fullelektronisk arkiv for sak-/arkivsystem og fagsystem.

BK planen er ein del av ein arkivplan, - som er eit levande dokument. Funksjonar/oppgåver er i stadig endring og utvikling, og det vil vere behov for å oppdatere bk-planen jamleg.

Lovverk

Arkivlova med forskrifter dannar det rettslege grunnlag for arbeid med bevaring og kassasjon i offentleg forvaltning.

- Lov om arkiv § 9 Kassasjon m.m.
- Forskrift om offentlege arkiv § 14 Arkivavgrensing
- Forskrift om offentlege arkiv § 15 Bevaringspåbod
- Forskrift om offentlege arkiv § 16 *Kassasjon*
- Riksarkivarens forskrift §1-1 Arkivplan. Kva skal ein arkivplan innehalda; §1-1, nr.2 bokstav f, *bevarings-og kassasjonsplan med oppbevaringsfrister og rutiner for gjennomføring av planene jf. Arkivforskriften § 16.*
- *Riksarkivarens forskrift kapittel 7, del I Innledende bestemmelser og del III Generelle bevarings og kassasjonsbestemmelser.*
- Nye regler for bevaring og kassasjon for kommunal forvaltning trådde i kraft 1. februar 2014. Dei nye reglane er funksjonsbaserte og tar utgangspunkt i bevaringsføremåla F1-F4 frå Riksarkivaren (Bevaringsutvalet sin rapport frå år 2002).

  F1: Å dokumentera offentlege organ sine funksjonar i samfunnet, deira utøving av mynde, deira rolle i forhold til det øvrige samfunn og deira rolle i samfunnsutviklinga.

  F2: Å halde tilgjengeleg materiale som gjev informasjon om forhold i samfunnet på et gjeve tidspunkt, og som gjer greie for samfunnsutviklinga.

  F3: Å dokumentera personar og verksemda sine rettar og plikter i forhold til det offentlege, og i forhold til kvarandre.

  F4: Å dokumentera dei arkivskapande organa sine rettar og plikter i forhold til andre instansar.

Bevaringskriteriane;

Formål 1;	**Formål 2;**	**Formål 3;**	**Formål 4;**

• Administrativt nivå Saksbehandlingstype:
  ○ Avgjerande
  ○ Utredande
  ○ Ekspederande
  ○ Orienterande
• Saksbehandlingsledd
• Ekstraordinære og ordinære aktivitetar
• verksemd
• Primærfunksjonar og interne støttefunksjoner
	• Tidsspenn og kontinuitet
	• Omfang
	• Informasjonstettleik og tematisk varisjon
	• Lenkbarhet, samanheng med anna arkivmateriale
	• Kvalitative kriterier
	• Alder
	• Etterspørsel
		• Saksbehandlingskonsekvensar
		• Heimelsgrunnlag
			• Administrative og driftsmessige behov

Rettleiar til b/k- reglane for kommunar og fylkeskommunar ble utgitt i april 2015.

Dei nye bevarings og kassasjonsreglene utgjer eit minimumskrav og angjev kva sakstyper som ikkje kan kasserast. All dokumentasjon som ikkje er nemnd kan kasserast, men må bevaringsvurderast. Kommunen har ansvar for å vurdera kva som er tilstrekkeleg oppbevaringstid for kassabelt materiale i samsvar til juridisk og administrativt behov. BK-reglene er medieuavhengig og uavhengig av arkivnøklar,- og omfattar alt arkivmateriale; sak-og arkivsystem, fagsystem, papirarkiv, e-post system m.m.

Begrepsavklaring

Begrepa arkivavgrensning, kassasjon og bevaringspåbod er nærmare definert i forskrift om offentlege arkiv, kapittel II Arkivprosessar.

Bevaring – arkivmateriale vert tatt vare på for all framtid.

§ 15 Bevaringspåbod
Dersom ikkje Riksarkivaren fastset noko anna gjennom enkeltvedtak eller forskrift, skal følgjande materiale alltid bevarast:

a) arkivmateriale frå 1950 eller før, etter at arkivavgrensing er utført
b) presedenssaker og andre saker av prinsipiell karakter, også innanfor saksgrupper som kan eller skal kasserast
c) journalar, medrekna journaldatabasar og journalregister
d) arkivplanar.

Bevaringsverdi – arkivmateriale som har ein forvaltningsmessig verdi, rettsleg verdi eller historisk verdi

Meirbevaring – bevaring av arkivmateriale som det i medhald til regelverket er tillat å kassere.

Kassasjon – arkivmateriale som har vore gjenstand for saksbehandling eller hatt verdi som dokumentasjon, vert tilintetgjort.

§ 16.Kassasjon
Organet skal utarbeide kassasjonsreglar for materiale som ikkje er omfatta av arkivavgrensinga i § 14 eller bevaringspåbodet i § 15. Kassasjonsreglane skal gi oversikt over kva som skal bevarast, og kva som kan eller skal kasserast. Det kan òg fastsetjast kor lenge materialet skal oppbevarast før kassasjon.

Statlege organ skal utarbeide eigne spesifiserte kassasjonsreglar for fagsakene. Riksarkivaren kan krevje at det overordna organet samordnar arbeidet med slike reglar. Reglane gjeld ikkje før dei er godkjende av Riksarkivaren.

Dersom eit statleg organ ikkje har godkjende kassasjonsreglar eller ikkje har gjennomført kassasjon før avlevering til Arkivverket, kan Arkivverket nekte å ta imot materialet.

Riksarkivaren skal gi forskrift om kassasjonsreglar for saker som gjeld eigenforvaltning i statlege organ, og om kassasjonsreglar for kommunar og fylkeskommunar.

Arkivavgrensning – å halde utanfor eller fjerne frå arkivet dokumenter som ikkje førar til saksbehandling eller har verdi som dokumentasjon. Hindre at overflødig arkivmateriale oppstår, og at unødvendig materiale vert lagra i arkivet.

§ 14.Arkivavgrensing

Dokument som verken har inngått i saksbehandlinga til organet eller har verdi som dokumentasjon, skal haldast utanfor eller fjernast frå arkivet ved arkivavgrensing.

Arkivavgrensing skal gjennomførast seinast før avlevering.

Følgjande dokument skal alltid haldast utanfor arkivet:

a) trykksaker, rundskriv og anna mangfalda og allment tilgjengeleg materiale. Det organet som har utferda slikt materiale, skal likevel arkivere eitt eksemplar og dei nødvendige forarbeida.

b) konsept, kladdar, ekstra kopiar, interne meldingar o.l. som ikkje har verdi som dokumentasjon. Konsept som har noteringar og påteikningar som er nødvendige for å forstå saka og den samanhengen ho står i, skal arkiverast. Det same gjeld kopi av alle utgåande dokument.

Formål med ein bevarings og kassasjonsplan (bk-plan)

Hovudformål med å gjennomføre arkivbegrensning og kassasjon er å redusere omfanget av papirarkiva. Det er Ikkje mogleg å bevare all dokumentasjon som vert skapt i offentleg verksemd. Ein ganske stor del av arkivinformasjonen har liten eller ingen verdi for ettertida. Samfunnet har begrensa ressursar til arkivbevaring og det vert då nødvendig å kassere arkivmateriale utan bevaringsverdi.

Me treng då ein plan for kva med skal bevare og kva me kan kassere.

Formål med bevaring er å sikre tilstrekkeleg dokumentasjon for forvaltninga, sikre juridiske rettar for innbyggjarane og sikre tilstrekkeleg og representativt kjeldemateriale.

I riksarkivaren si forskrift vert formål med bevaring og kassasjonsbestemmelsene skildra slik;

§ 7-1.Formål

Formålet med bestemmelsene i dette kapittelet er å:

a) sikre at bevaringsverdig arkiv blir tatt vare på for ettertiden, jf. arkivloven § 1.

b) legge til rette for kassasjon av arkivmateriale uten langvarig bevaringsverdi, for å spare kostnader knyttet til langtidsbevaring, så som oppbevaring, vedlikehold og gjenfinning.

c) sikre at arkiv ikke blir kassert før rettslige og forvaltningsmessige dokumentasjonsbehov er bortfalt.

I ein digital verden må det leggas tll rette for bevaring og kassasjon før system vert tatt i bruk og saksbehandling startar, og då må kommunen ha ein bk-plan.

Kassasjon

BK-plan gjev oversikt over kva materiale som skal kasserast, og eventuelt kor lenge det vert bevart før kassasjon.

All kassasjon skal gå føre seg som makulering eller brenning, - fysisk øydelegging av arkivmaterialet.

Kassasjon skal og dokumenterast. Dette for å unngå tvil om arkivmateriale har blitt borte av andre årsaker. Kassasjonsrapport med liste over kva som er kassert, når det vart utført og av kven. Rapport må journalførast i sakarkiv.

Papirarkiv krev ein fysisk handling ved kassasjon. Utfordring for framtida er dei elektronisk skapte arkiva. Om dei ikkje vert vedlikehaldt ved migrasjon eller konvertering, vert innhaldet uleseleg og kassert av seg sjølv.

Arkivlokalar og oppbevaring av arkiv

Askvoll kommune har fysisk arkiv i Rådhuset, skulane, barnehagane, Askvollheimen, legekontoret og i Heradsheimen

Skular, barnehagar, Legekontor, Helsestasjon og Sjukeheimen har personregisterarkiv oppbevart i arkivskap. Her er rutine for årleg avlevering av avslutta arkiv til depot. Det er ingen fjernarkiv/bortsettingsarkiv i kommunen,- utanom på rådhuset.

Avlevering/bortsetting/deponering

Når ein overfører arkivmateriale, og samtidig overfører eigarforholdet til arkivet, vert det kalla avlevering. Ofte vert og begrepet "avlevering" nytta når ytre einingar, som skular, barnehagar, sjukeheim osv. overfører eldre arkiv til bortsettingsarkiv i kommunen (ofte rådhuset). Rett begrep her er "bortsetting". Kommunar deponerer arkiv hos arkivdepot , det vil sei at eigarforholdet til arkiva ikkje vert overført til arkivdepot, men vert tatt vare på av kommunen.

Avleveringstidspunkt

Tidspunkt for avlevering av arkivmateriale skal avtalast med Fylkesarkivet i Vestland.

Vanleg administrativt arkiv skal avleverast til depot etter 25 år. Avslutta arkiv etter nedlagte einingar skal avleverast straks, dersom det ikkje blir overført til ei anna kommunal eining.

Personregister skal avleverast etter 10 år.

Arkivmateriale skal avleverast samla for heile kommunen, normalt kvart 4. år.

Klargjering

Materialet som skal avleverast skal behandlast på følgjande måte:

- Møtebøker og vedtaksbøker som er produsert som lausblad, skal bindast inn. Møtebøker der referata er limt inn i protokollar er ikkje arkivhaldbare, og ein skal ta kopi av desse før overføring. Kopien skal avleverast saman med originalen.
- Kopibøker og utskrifter av journalar skal bindast saman og leggjast i arkivboksar.
- Saksdokument skal leggjast i omslag eller mapper i samsvar med strukturen i arkivet. Omslag og mapper skal vere påført informasjon om innhaldet: arkivkode, saksnummer, sakstittel e.l.
- Omslag/mapper skal vere av syrefritt papir. Eit omslag kan vere eit A3-ark som er bretta på midten og lagt rundt dokumenta.
- Personmapper leggjast i arkivboksar alfabetisk eller etter fødselsdato, det vil seie i same orden som den arkivet var ordna etter før avleveringa. Boksane må ikkje vere for fulle. Mapper etter døde personar bør merkast særskilt. Dersom ein har større mengder slike mapper kan desse leggjast i eigne arkivboksar som ein eigen serie.
- Arkivmaterialet skal vere kassasjonsbehandla.
- Materialet skal reingjerast for smuss og støv, plast, plastomslag, merkelappar med lim (t.d. ”post-it”), tape og binders skal fjernast.
- Dersom materiale er skada, skal ein ta kontakt med fylkesarkivet for å få råd om korleis det kan reparerast. Materialet skal vere reparert før avlevering.

Pakking og merking

Arkivmateriale som ikkje skal bindast inn, skal handsamast på følgjande måte:

- Materialet skal leggjast i arkivboksar som er godkjent av arkivdepotet.
- Materiale som ikkje kan leggjast i arkivboksar, skal pakkast på forsvarleg måte i samråd med arkivdepotet.
- Alt arkivmateriale skal vere reingjort før overføring.
- Materialet skal merkast med etikettar av arkivhaldbart papir. Etikettane skal limast på med lim som er godkjent av Riksarkivaren.
- Etikettane skal innehalde informasjon om kommune, arkivskapar, arkivserie, innhald, ytterår og arkivstykkenummer.

Avleveringslister

Arkivdepotet har utarbeida standardiserte avleveringsskjema. Arkiv som skal avleverast skal vere registrert på desse listene på denne måten:

- Kvar arkivserie skal førast på ei eiga liste, med opplysningar om arkivskapar, arkivserie og ytterår. Listene skal vidare gje oversyn over arkivstykka i serien, med informasjon om nummerering og innhald.
- Dersom delar av materialet er unntatt frå offentleg innsyn, skal dette gå fram av arkivlistene.

- Personregistermappene skal registrerast alfabetisk med namn og fødselsdato på avleveringslista. Denne skal gje oversyn over kva mapper som ligg i kvar einskild arkivboks. Kontroller nøye at avleveringslistene samsvarer med innhaldet i arkivboksane.
- Avleveringslistene er grunnlaget for den bestandsoversikten som fylkesarkivet til ein kvar tid skal ha over materialet som oppbevarast hos dem.

Gjennomføring og godkjenning

Arkivansvarleg på einingane klargjer arkivmateriale frå ulike avdelingar/einingar for avlevering. Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa av avleveringa og dekker kostnadane. Kommunen får ei kvittering frå Fylkesarkivet i Vestland når materialet er avlevert til depotet.

§ 7-24 Administrasjon og politikk

I samsvar til Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-24 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*administrativ og politisk organisering* ";

1) Administrativ og politisk organisering

a) *Administrativ organisering, inkl. organisasjonskart og beskrivelser av ansvarsområder og oppgaver*
b) *Politiske og administrative prosesser i forbindelse med forvaltningsreform, inkl. endring av kommunegrenser og fylkesgrenser, samt etablering av ny politisk styringsform*
c) *Delegering av myndighet til administrasjonssjef og til andre nivåer i kommune- og fylkesadministrasjonen*
d) *Opprettelse av, delegering av myndighet til, og valg til formannskap, fylkesutvalg, kommuneråd (byråd), fylkesråd og andre politiske råd, utvalg, komiteer og interkommunale samarbeid*
e) *Administrativ og politisk behandling av saker som legges frem for og/eller behandles i formannsskap, fylkesutvalg, kommuneråd (byråd) eller fylkesråd.*

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Administrativ organisering (organisasjonskart, plan, uttale, vedtak)	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav a)	B		
Rutinar for fagområder	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav a)	B		
Reglement og retningsliner	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav a)	B		
Møteplan politiske utval	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav a)	B		
Politiske og administrative prosesser i samband med forvaltningsreform – omorganisering/endring	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav b)	B		
Kommunereforma	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav b)	B		
Delegering av mynde til administrasjonssjef	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav c)	B		
Tilvisingsmynde		K	10	Etter at person er slutta i stillinga
Delegering av mynde til formannskap og andre styrer, råd og utval	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav d)	B		
Delegering av mynde til interkommunale samarbeid	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav d)	B		
Oppnemning av og val til styre, råd og utval	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav d)	B		
Administrativ og politisk behandling av saker til kommunestyre, formannskap og andre styre, råd og utval	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.1 bokstav e)	B		
Folkevaldopplæring		K	8	Etter to kommunestyreperiodar

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-24 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*val og medbestemmelse*";

2) Valg og medbestemmelse

a) *Retningslinjer og oppgaver i forbindelse med valg, folkeavstemninger og andre tiltak for medbestemmelse*
b) *Oppnevning av valgstyre, valgmanntall, organisering av forhåndsstemming, valgoppgjør*
c) *Folkeavstemninger, innbyggerinitiativ, folkemøter og høringer i spørsmål av betydning for innbyggerne.*

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Retningsliner og oppgåver i samband med val, folkeavstemmingar og andre tiltak for medverknad	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.2 bokstav a)	B		
Kommunestyreval og fylkestingsval	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.2 bokstav a)	B		
Stortingval og sametingsval	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.2 bokstav a)	B		
Vallister til kommunestyrevalet	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.2 bokstav a)	B		
Godtgjersle for valet		K	10	
Avkryssingsmantal		K	8	Kasserast etter 2 valperiodar
Stemmesetlar til kommunevalet som er godkjent		K	4	Ved neste valperiode
Valkort		K		Kasserast når valet er over
Ubrukt valmateriell, omslagskonvoluttar, særskilt omslagskonvoluttar		K		Kasserast når valet er over
Stemmesetlar til kommunevalet som er forkasta		K		Kaserast når valet er over
Oppnemning av valstyre	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.2 bokstav b)	B		
Førehandsrøysting	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.2 bokstav b)	B		
Valoppgjer	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.2 bokstav b)	B		
Folkeavstemmingar, innbyggjarinitiativ, folkemøter og høyringar i spørsmål som vedkjem innbyggjarane	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.2 bokstav c)	B		

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-24 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*foretak, selskap og interkommunale samarbeidsordningar*";

3) Foretak, selskap og interkommunale samarbeidsordningar

a) *Opprettelse og avvikling av foretak, selskaper og interkommunale samarbeidsordninger*
b) *Avtaler om arkivansvar og arkivorganisering når tjenester legges til foretak, selskap og interkommunale samarbeidsorganer som ikke er omfattet av arkivloven*
c) *Vedtekter, samarbeidsavtaler, selskapsavtaler og andre avtaler eller vedtak som dokumenterer overføringen av oppgaver og myndighet fra kommunen og fylkeskommunen til foretak, selskap eller interkommunalt samarbeidsorgan*
d) *Kommunens og fylkeskommunens kontroll med og revisjon av foretak, selskaper og interkommunale samarbeidsordninger.*

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Oppretting og avvikling av føretak, selskapa og interkommunale samarbeidsordningar	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.3 bokstav a)	B		
Avtalar om arkivansvar og arkivorganisering når tenester vert lagt til føretak, selskap og interkommunale samarbeidsorganer som ikkje er omfatta av arkivlova	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.3 bokstav b)	B		
Vedtekter, samarbeidsavtalar, selskapsavtalar og andre avtalar eller vedtak som dokumenterer overføring av oppgåver og mynde frå kommune til føretak, selskap eller interkommunalt samarbeidsorgan	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.3 bokstav c)	B		
Kommunen sin kontroll med og revisjon av føretak, selskap og interkommunale samarbeidsordningar	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.3 bokstav d)	B		
Innkalling og referat frå føretak, selskap og interkommunale samarbeidsordningar		K	10	Dersom saka inneheld andre arkivverdige dokument som for eksempel vedtekter, skal heile saka bevarast.

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-24 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*sikkerhet og beredskap*";

4) Sikkerhet og beredskap

a) Fylkeskommunens og kommunens overordnede oppgaver innen sikkerhet og beredskap i henhold til lovverk som regulerer ulike fagområder.

b) Kommunens rolle i den nasjonale beredskapen og oppgaver i henhold til sivilbeskyttelsesloven, herunder beredskapsplaner og risiko- og sårbarhetsanalyser for kommunen som helhet og deltakelse i regionale og nasjonale beredskapsøvelser.

c) Fylkeskommunens og kommunens ivaretakelse av samfunnssikkerhetsaspektet i kommunal og regional planlegging, herunder risiko- og sårbarhetsanalyser for utbyggingsområder.

d) Etablering og utvikling av kommunens og fylkeskommunens styringssystem for sikkerhet og beredskap, herunder interne instrukser og retningslinjer for sikkerhets- og beredskapsarbeid, organisering av sikkerhetsadministrasjon, virksomhetsledelsens oppfølging og evaluering av sikkerhet og beredskap.

e) Sikkerhetsrapportering, herunder rapportering internt i kommunen og fylkeskommunen samt til regionale og nasjonale tilsynsmyndigheter vedrørende sikkerhet.

f) Sikkerhetsklarering og autorisasjon. Nærmere bestemmelser fastsettes av Nasjonal sikkerhetsmyndighet jf. § 7-4 i denne forskriften.

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Kommunen sine overordna oppgåver innan tryggeleik og beredskap i forhold til lovverk som regulerer ulike fagområder	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav a)	B		
Kommunen sin rolle i den nasjonale beredskapen og oppgåver i forhold til sivilbeskyttelsesloven, herunder beredskapsplanar og risiko- og sårbarheitsanalyser for kommunen som heilhet og deltaking i regionale og nasjonale beredskapsøvingar	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav b)	B		
Kommunen sin ivaretaking av samfunnssikkerheitsaspektet i kommunal og regional planlegging, herunder risiko- og sårbarheitsanalyser i utbyggingsområder	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav c)	B		
Etablering og utvikling av kommunen sitt styringssystem for tryggleik og beredskap, herunder interne instrukser og retningsliner for tryggleik- og beredskapsarbeid, organisering av tryggleiksadministrasjon, verksemdleiinga si oppfølging og evaluering av tryggleik og beredskap	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav d)	B		
Tryggleiksrapportering, herunder rapporteringinternt i kommunen samt til regionale og nasjonale	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav e)	B		

tilsynsmyndigheiter vedkommande tryggleik				
Tryggleiksklarering og autorisasjon. Nærere bestemmelser vert fastsett av Nasjonal sikkerhetsmyndighet jf. § 7-4 i denne forskrifta	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav f)	B		Forskrift av 29.6.2001 nr. 722 om personellsikkerhet §6-8 tredje ledd
Beredskapsplan for kommunen	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav b) Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)	B		
Beredskapsplan for kvar eining	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav b	B		
Beredskap i krisesituasjon	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav b)	B		
Beredskapsøvingar frå Fylkesmannen	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav b)	B		
Beredskapsvarsel frå Fylkesmannen		K	5	
Risiko- og sårbarhetsanalyse	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav b) Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)	B		
KystROS prosjektet	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.4 bokstav b) Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)	B		
Omorganisering av 110-sentralane		K	10	Skal bevarast om kommunen har gjort vedtak i saka

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-24 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*kommuneadvokat og fylkesadvokat* ";

5) Kommuneadvokat og fylkesadvokat

a) *Registre eller arkiver for presedenssaker*
b) *Erstatningssaker på det offentligrettslige området, inkl. saker i forbindelse med billighetserstatning.*

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Registre eller arkiver for presedenssaker	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.5 bokstav a)	B		
Erstatningssaker på det offentligrettslige området, inkl saker i samband med billighetserstatning	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.5 bokstav b)	B		
Klagesaker	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.5 bokstav a) og b)	B		
Personalsaker v/konflikt	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.5 bokstav a) og b)	B		
Truslar mot kommunen og tilsette	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.5 bokstav a) og b)	B		
Advokathonorar		K	10	

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-24 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*administrative tjenester* ";

6) Administrative tjenester

a) Anskaffelse

- *anskaffelsesstrategi*
- *anskaffelsesreglement*
- *retningslinjer og standarder*
- *behovsanalyse*
- *anskaffelsesprotokoll*
- *antatte tilbud.*

b) Arkiv

- *arkivdanning og rutiner, herunder arkivplaner, konfigurasjonsdokumenter, klassifikasjonssystemer*
- *bevarings- og kassasjonsvedtak og -planer, bevarings- og kassasjonslister.*

c) Informasjons- og kommunikasjonsteknologi

- *dokumentasjon om strategisk planlegging, styring og utvikling av IKT-området, herunder IKT-strategi, IKT-policy, IKT-plan*
- *dokumentasjon om utvikling av nye IKT-løsninger*

d) Kommunikasjons- og informasjonsarbeid

- *dokumentasjon om planlegging og styring av kommunikasjonsområdet, herunder utarbeidelse av kommunikasjonsstrategier og -planer, utarbeidelse av regler og retningslinjer for kommunikasjon internt og eksternt, medieveiledning, egenproduserte publikasjoner med forarbeider.*

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
a) Innkjøp				
Reglement for innkjøp	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav a)	B		
Innkjøpsavtale (for eksempel Bergen kommune)	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav a)	B		
Innkjøp • Kravspesifikasjon • Konkurransegrunnlag/ behovsanalyse • Protokoll • Tilbod • Referat/interne notat • Vedtak på val av leverandør • Tildeling • Melding om vedtak	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav a)	B		Sak i sak/arkiv system – Innkjøp + kva det gjeld Tilbod frå dei som ikkje blir valt kan kasserast eitt år etter klagefrist er gått ut

• Klage/tilsvar • Signert kontrakt				
Innkjøp av diverse innbu og materiell		K	10	
Leasingavtalar		K	10	Etter avtale er opphøyra
b) Arkiv				
Arkivplan	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav b)	B		
Arkivdanning og rutinar	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav b)	B		
Konfigurasjonsdokument	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav b)	B		Dokument frå leverandør ved oppgradering av system
BK-plan	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav b)	B		
Bevarings- og kassasjonslister	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav b)	B		
Fylkearkivet i Vestland – avtaler, årsplaner	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav b)	B		Sjå evt 3) interkommunale samarbeidsordningar, samt Kultur, idrett, friluftsliv og kyrkje - 4) Arkivdepot
Tilsyn kommunale arkiv	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav b)	B		
Innsyn i arkiv		K	10	Dokument knytt til ordinær, rutinemessig behandling av innsynskrav
Innsynskrav med særskild behandling	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav b)	K	10	Omfattande drøfting, evt klagehandsaming Etter saka avslutta
c) Informasjons- og kommunikasjonsteknologi				
IKT • Strategisk planlegging • Styring og utvikling • IKT-plan, Strategiplan	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav c	B		
Databehandlaravtale	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav c)	B		

Drift, vedlikehald og brukarstøtte knytt til IKT		K	10	
d) Kommunikasjons- og informasjonsarbeid				
Informasjonsmateriell/-brosjyre	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav d)	B		Eigen produsert
Kommunikasjonsstrategiar og -planer	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav d)	B		
Regler og retningsliner for kommunikasjon internt og eksternt	Riksarkivarens forskrift §7-24, nr.6 bokstav d)	B		
Lyd- og bildeopptak frå møte med sikte på strømming		K	5	Dette gjeld hovudsakleg politiske møter.

§ 7-25 Økonomi, verksemdstyring, rekneskap og innfordring

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-25, skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*budsjett og virksomhetsstyring*";

1) Budsjett og virksomhetsstyring

a) Saker vedrørende kommunens og fylkeskommunens budsjett- og virksomhetsstyring jf. kommuneloven § 44 – § 48, herunder rammesak, årsbudsjett, økonomiplan, handlingsprogram, handlingsplaner, årsrapportering, tertialrapportering, årsmelding, årsevaluering og andre styringsdokumenter.

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Årsbudsjett	Riksarkivarens forskrift § 7-25 nr 1 bokstav a	B		
Økonomiplan	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.1 bokstav a	B		
Handlingsplan/program	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.1 bokstav a	B		
Tertialrapportering	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.1 bokstav a	B		
Årsmelding	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.1 bokstav a	B		
Budsjettendring	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.1 bokstav a	B		

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-25 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*rekneskap og revisjon*";

2) *Rekneskap og revisjon*

a) *Saker vedrørende kommunens og fylkeskommunens årsregnskap jf. kommuneloven § 48.*

Dokumenttype	Lovverk	B/K	År	Merknad
Årsrekneskap	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.2 bokstav a)	B		Heile saka skal bevarast
Revisjonsrapport	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.2 bokstav a)	B		
Årsrekneskap for ikkje kommunale barnehagar		K	10	
Revisjonsavtale for kommunen	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.2 bokstav a)	B		
Plan for forvaltningsrevisjon	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.2 bokstav a)			
Forvaltningsrevisjon på funksjon	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.2 bokstav a)			
Uttale frå revisor/revisjon	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.2 bokstav a)			
Momskompensasjon		K	10	
Bokføringsjournal		K	10	
Hovudbok		K	10	
Kundereskontro		K	10	
Leverandørreskontro		K	10	
Spesifikasjon av mva		K	10	
Kontoutdrag frå bank, kassateljing		K	10	
Lønsbilag og ytingar		K	10	
Fakturabilag		K	10	

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-25 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*kapitalforvaltning, låneopptak, legatvirksomhet*";

3) *Kapitalforvaltning, låneopptak, legatvirksomhet*

a) *Saker vedrørende kapitalforvaltning.*
b) *Saker vedrørende kommunale og fylkeskommunale garantier, utlån og låneopptak.*
c) *Saker vedrørende legatvirksomheten.*

Dokumenttype	Lovverk	B/K	År	Merknad
Kapitalforvaltning	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.3 bokstav a	B		
Garantiar	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.3 bokstav b	B		
Utlån	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.3 bokstav b	B		Startlån og andre utlån
Låneopptak	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.3 bokstav b	B		
Legatvirksomhet	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.3 bokstav c	B		Minnefond o.l.

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-25 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*kommunal eiendomsskatt*";

4) Kommunal eiendomsskatt

a) Saker vedrørende innføring eller oppheving av kommunal eiendomskatt

b) Saker vedrørende fastsettelse av årlige satser for eiendomsskatt.

Dokumenttype	Lovverk	B/K	År	Merknad
Innføring av kommunal eigedomsskatt	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.4 bokstav a	B		
Oppheving av kommunal eigedomsskatt	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.4 bokstav a	B		
Fastsetting av årlege satsar for eigedomsskatt	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.4 bokstav b	B		Sjå budsjettvedtak per år
Klage på eigedomsskatt		K	10	

5) Skatteoppkreving, arbeidsgiverkontroll og kommunal innfordring

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-25 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*skatteoppkreving, arbeidsgiverkontroll og kommunal innfordring*";

a) Saker vedrørende utleggsforretning og lemping.

b) Egeninitierte prosjekter og kursopplegg for å informere og veilede skatteytere og arbeidsgivere.

Dokumenttype	Lovverk	B/K	År	Merknad
Saker vedkommande utleggsforretning, betalingsavtalar og lemping	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.5 bokstav a	B		
Eiga initierte prosjekt og kursopplegg for å informere og rettleia skattytarar og arbeidsgjevarar	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.5 bokstav b	B		
Skatteoppkreving	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.5 bokstav a	B		
Arbeidsgjevarkontroll	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.5 bokstav a	B		
Kommunal innfordring	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.5 bokstav a	B		
Tvangssal	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.5 bokstav a	B		

Betalingsutsetting / betalingsnedsettinge	Riksarkivarens forskrift §7-25, nr.5 bokstav a	B		
Skatt på eige og inntekt		K	10	
Saker vedkommande fordeling av skatt og arbeidsgjevaravgift		K	10	
Saker vedkommande kommunalt inkasso		K	10	
Innfordring:				
Bistand utland		K	5 år etter innbetaling	
Restsskat/forskudsskatt		K	10 år	
Lemping renter -søknad		K	10 år	
Berekning rentar arbeidsgjevaravgift/forskotstrekk/restskatt		K	5 år etter innbetaling	
Lister vedr. forskotskatt og restskatt		K	10 år	
Motrekningar i produksjonstilskot i landbruk		K	10 år	
Motregning - ekstern hovedkrav		K	10 år	
Utleggstrekk		K	10 år	
Dokumentasjon og sakspapirer ved tvangssalg		K	10 år	
Utlegg/særnamsprotokoll		K	5 år etter innbetaling	
Utlegg - tinglyste dokument		B	Oppbevarast for alltid	
Avrekning:				
Avregning forskotspliktige - Manuelle skatteoppgjør, avrekningsoppgjer og endringslikningar		K	10 år	
Avregning etterskotspliktige - Manuelle skatteoppgjør, avrekningsoppgjer og endringslikningar		K	10 år	
Skattelister forskotspliktige og etterskotspliktige Hovedavrekning/endringslikning		K	10 år	
Bilag til avrekning				
Lister		K	10 år	
Motrekning til/frå andre kommunar		K	10 år	
Bokføringsbilag ved manuelle avrekningar og endringslikningar		K	10 år	
Bilag til skatterekneskapet				
Manuelle bilag		K	10 år	
Årsoppgjer, årsrekneskap		B	Bevarast for alltid	
Lister		K	10 år	
Kassabilag		K	10 år	
Bankkontoutskrift		K	3 år	
Periodisk oppgjer		K	5 år	
Kassaavstemming		K	5 år	
Bankkontoavstemming		K	5 år	

Bokføringslister		K	10 år	
Restanselister		K	10 år	
Forskotstrekk overført til andre kommunar		K	10 år	
Arbeidsgjevarkontroll				
Arbeidsgjevarkontrollrapportar og følgjebrev		K	10 år	
Arbeidsgjevaravgift – fastsetting frå skattekontoret		K	10 år	
Berekningsgrunnlag arbeidsgjevaravgift		K	10 år	
Terminoppgåver (manuelle bilag)		K	10 år	
Oppgjerslister utleggstrekk (manuelle bilag)		K	10 år	
Manuelt registrerte LTO (lønstrekksoppgåve)		K	10 år	
Årsoppgåve arbeidsgjevar		K	10 år	
Lister over registrerte terminoppgåver		K	10 år	
Lister over registrerte oppgjerslister		K	10 år	
Vedtak om unntak frå folketrygda - utlendingar		K	10 år	

§ 7-26 Personalforvaltning og folkevalde

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-26 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*Ansatte i kommune og fylkeskommune* ";

1) Ansatte i kommune og fylkeskommune

a) Planlegging, ledelse, styring og evaluering av organets personalfunksjon, herunder utarbeidelse og fastsettelse av strategiske planer, lokal personalpolitikk, lokale avtaler mellom arbeidsgiver og arbeidstakere, interne instrukser og retningslinjer og andre styringsdokumenter, evalueringer

b) Behandlingen av saker i administrasjonsutvalget

c) Kommunens og fylkeskommunens arbeid med rekruttering og tilsetting, herunder kunngjøring, utvidet søkeliste og innstilling, protokoller og møtereferater fra innstillings- og tilsettingsmyndighet, eventuelle klager på tilsetting

d) Kommunens og fylkeskommunens organisering av arbeidet med helse-, miljø og sikkerhet. Saker som viser utarbeidelse og utvikling av organets instrukser og retningslinjer for HMS-arbeidet, evalueringer

e) Kommunens og fylkeskommunens handtering av konflikter og varsling

f) Kommunens og fylkeskommunens planlegging, ledelse, styring og evaluering av kompetanseutvikling og opplæring, herunder enhetens egne opplæringsplaner, referater fra kompetanseutvalg

g) Om den enkelte ansatte bevares følgende dokumentasjon:

- *Stillingssøknad, tilsettingsbrev, arbeidsavtale, klage på tilsetting*
- *Kompetanseutvikling med betydning for den ansattes lønns- og ansettelsesforhold*
- *Lønn, godtgjeringar og permisjoner med betydning for den ansattes pensjonsforhold*
- *Oppfølging i forbindelse med sykemelding dersom saken har betydning for den ansattes langvarige tjenesteforhold og pensjonsforhold*
- *Dokumentasjon på og oppfølging av yrkesskadar*
- *Omplassering, beordring, fortrinnsrett*
- *Ordensstraff der saken fører til rettsleg prøving eller får konsekvensar for den tilsette tilsetjingsforhold*
- *Avslutning av arbeidsforhold.*

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Strategiske planer	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav a)	B		
Lokal personalpolitikk	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav a)	B		
Lokal seniorpolitikk	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav a)	B		
Lokale avtaler mellom arbeidsgivar og arbeidstakar	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav a)	B		
Styringsdokument	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav a)	B		
Interne instruksar, retningslinjer, evalueringar	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav a)	B		

Lønsforhandlingar, protokoller	Bevarast – ingen heimel	B		Underlagsmateriale frå lønsforhandlingar kan kasserast
Saker handsama i Administrasjonsutvalet	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav b)	B		
Saker handsama i Arbeidsmiljøutvalet	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav d)	B		
Årsrapport frå arbeidsmiljøutvalet	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav d)	B		
Medarbeidarundersøking/brukarundersøking	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav d)	B		
Protokoll frå vernerunde	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav d)	B		
Handlingsplan etter vernerunde	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav d)	B		
Rutine for varsling av kritikkverdige forhold/avvikshandtering	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav e)	B		
Avvikrapportar det fysiske/psykososiale arbeidsmiljøet/HMS	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav e)	B		
Tiltak etter avvik/varsling	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav e)	B		
Bestilling av ergonomisk arbeidsplassvurdering		K	10	
Rapport etter ergonomisk arbeidsplassvurdering		K	10	
Kompetanseutvikling og opplæring (opplæringsplaner, referat frå kompetanseutval)	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav f)	B		Dokumentasjon på arbeidsgivars ansvar for kompetanseutvikling
Dokumentasjon frå interne og eksterne kurs (planlegging og gjennomføring)		K	10	Her og introduksjonsprogrammer, opplæring av nytilsette
Invitasjon til kurs, opplæring og liknande.		K	5	
Melding om ledig stilling		K	10	
Utlysing intern og ekstern	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav c)	B		
Utvida søkjarliste	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav c)	B		
Enkel søkjarliste		K	10	
Stadfesting av motteken søknad		K	10	
Innkalling til intervju		K	10	
Innstilling av kandidatar	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav c)	B		
Tilbod på stilling - tilsetjingsbrev	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Tek imot stilling	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Tek ikkje imot stilling		B		Vert tilrådd bevart
Notat frå referansesjekk	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav c)	B		Grunnlagsmateriale for innstilling.
Avslag – melding om tilsetjing i stilling		K	10	
Søknad på stilling	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Søknad med vedlegg til personar som ikkje er tilsett		K	10	
Klage på tilsetting	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		

Evaluering av lærling, informasjon om fagprøve, lærekontrakt, heving av lærekontrakt		B		Vert tilrådd bevart
Interne retningsliner for tildeling og bruk av velferdsmidlar (søknader, vedtak, protokollar)		K	10	
Planlegging og gjennomføring av velferdstiltak for tilsette		K	10	
Arbeidsavtale	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Teieplikt	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Leiaravtale	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Leiaravtale oppfølging (referat frå leiarsamtale)	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Stadfesting av motteken politiattest	Kan ha rettsleg verdi	B		Vert tilrådd bevart
Fullmakt for opning av personleg adressert post		K		Kassasjon når den tilsette sluttar
Konstituering	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Tenestebevis/arbeidsattest	Ingen heimel	B		Vert tilrådd bevart
Fastsetjing av lønsansiennitet	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Kan ha mykje å seie for den tilsette sitt pensjonsforhold
Underskriven rutine for handtering av pengar for brukarar i pleie og omsorg		K	1	Kassasjon 1 år etter den tilsette har slutta
Fullmakt til legemiddelhandtering	Bevaras – ingen heimel	B		Vert tilrådd bevart
Uttak av seniortiltak	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Medarbeidarsamtale		K		Er av administrativ kortvarig verdi, og berre ein samtale mellom leiar og den tilsette. Skal ikkje oppbevarast i personalarkiv.
Utviklingsplan/oppfølgingsplan (måloppnåing)	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Kompetanseutvikling – kopi av fagbrev, kursbevis, vitnemål	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Lønn og godtgjersle	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Som har mykje å seie for den tilsette sitt pensjonsforhold
Permisjon	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Som har mykje å seie for den tilsette sitt pensjonsforhold
Oppfølging i forbindelse med sjukefråvær (referat frå møte, rapport om oppfølging, oppfølgingsplan)	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Om det har mykje å seie for den tilsette sitt langvarige

				tenesteforhald og pensjonsforhold
Yrkesskade – dokumentasjon og oppfølging (skademelding)	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Omplassering , byte av arbeidsstad, beordring, fortrinnsrett	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Personalsak - disiplinærsaker	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Der sak fører til rettsleg prøving eller får konsekvensar for den tilsette arbeidstilhøve.
Personalsak - disiplinærsaker		K	10	Ordensstraff som ikkje får konsekvensar for den tilsette arbeidstilhøve.
Erstatning for tap av klede		K	10	Søknad om erstatning for tap av klede på arbeidsplass
Søknad om stønad til etter og vidareutdanning	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Kompetanseutvikling som har mykje å seie for den tilsette sitt løn og tilsetjingstilhøve
Søknad om stønad til å delta på ikkje pålagt utdanning	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Kompetanseutvikling som har mykje å seie for den tilsette sitt løn og tilsetjingstilhøve
Avviksmelding – psykososiale/fysiske arbeidsmiljø, varsling om kritikkverdige forhold	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Kassasjon om varsel er ugrunna eller uriktig
Melding om tilfelle av vald frå brukar	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Melding om tilløp til vald på arbeidsplassen	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Melding om ulykke/tilløp til ulykke på arbeidsstaden	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		Skademelding
Refusjon av utgifter til databrille, arbeidstøy m.m.		K	10	
AKAN-tiltak (innkalling til møte, møtereferat, prøvesvar frå blodprøvar, avtaler om AKAN-tiltak)		K		Kan kasserast etter at avtalen er opphøyrt under føresetnad av at det ikkje har utvikla seg til ein ordinær personalsak.
Forskot, overføring og endring av ferie (ferieplanar)		K	10	

Oppseiing av stilling - avslutning av arbeidstilhøve	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Pensjon (type pensjon AFP, uføre, attføring)	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.1 bokstav g)	B		
Utbetaling for mykje løn/trekk i løn		K	10	
Eigenmelding		K	10	
Sjukemelding		K	10	
Legeerklæring		K	10	
Fadderordning		K	10	
Avtaler om tenestetelefon, breiband, internett m.m.		K	10	
Registrering og kontroll av arbeidstid		K	3	
Reisegodtgjersle, flyttegodtgjersle, bilgodtgjersle		K	10	
PC-avtale (avtale om kjøp av heime-pc gjennom kommunen)		K	5	5 år etter avtale er opphøyrt

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-26 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "folkevalde ";

2) Folkevalgte

a) Satsar for godtgjøring

b) Pensjonsordninger

c) Avtaler med folkevalgte

d) Forhold som får betydning for folkevalde pensjonsrettigheter

e) Fritak eller suspensjon fra verv.

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Opplæring for folkevalde (dokumentasjon)		K	10	
Fritak frå politiske verv	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.2 bokstav e)	B		
Suspensjon frå politiske verv	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.2 bokstav g)	B		
Val av medlemmar til ulike utval og nemnder – melding om vedtak		K	10	Vedtak vert bevart i protokoll frå kommunestyret
Satsar for møtegodtgjersle til folkevalde	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.2 bokstav a)	B		Satsar bevarast, grunnlagsmateriale for utbetaling som for eksempel tapt arbeidsforteneste vert kassert.
Avtaler med folkevalde, teiepliktskjema	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.2 bokstav c)	B		
Pensjonsordningar	Riksarkivarens forskrift § 7-26, nr.2 bokstav b)	B		Gjeld hovudsakleg ordførar

§ 7-27 Kommunal og regional planlegging, byggjesak og oppmåling

I samband med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-27 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*kommunal og regional planlegging* ";

1) Kommunal og regional planlegging

a) *Saker vedrørende kommunal og regional planlegging jf. plan- og bygningsloven § 3-3 og § 3-4, herunder regional og kommunal planstrategi, regional plan, kommuneplan, områdeplan og reguleringsplan.*

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
Regional og kommunal planlegging jf. Plan og bygningsloven § 3-3 og §-4 • Regional og kommunal planstrategi • Regional plan • Kommuneplan • Områdeplan • Reguleringsplan	Riksarkivarens forskrift § 7-27, nr.1 bokstav a)	B		
Strandsoneregulering	Riksarkivarens forskrift § 7-27, nr.1 bokstav a)	B		
Fjellplan	Riksarkivarens forskrift § 7-27, nr.1 bokstav a)	B		
Endringar i regionale og kommunale planar	Riksarkivarens forskrift § 7-27, nr.1 bokstav a)	B		

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-27 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*byggesaksbehandling* ";

2) Byggesaksbehandling

a) *Byggesaker, jf. plan- og bygningsloven § 20-1 og § 20-2*
b) *Saker vedrørende bruksendring, omregulering og dispensasjon fra tekniske krav i plan- og bygningsloven og vedtatte planer*
c) *Kommunens planer for tilsyn, kontroll og ulovlighetsoppfølging*
d) *Enkeltsaker og klagesaker vedrørende ulovlighetsoppfølging.*

Dokumenttype	Lovverk	B/K	År	Merknad
Byggesaker jf. Plan og bygningsloven §20-1 og §20-2 • Oppføring, tilbygg, påbygg og underbygging • Plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg • Vesentleg endring eller reparasjon • Fasadeendring • Bruksendring og vesentleg utviding eller endring • Riving • Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar • Oppdeling eller samanføying av nytteeiningar i bustader og annan ombygging som medfører fravikelse av bustad • Oppføring av innhegning mot veg • Plassering av skilt og reklame • Vesentlege terrenginngrep • anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass • Oppretting av ny grunneigedom, ny anleggseigedom eller nytt jordsameie, eller Oppretting av ny festegrunn for bortfeste som kan gjelda i meir enn 10 år, eller arealoverføring, jf. matrikkellova.	Riksarkivarens forskrift § 7-27, nr.2 bokstav a) og b)	B		

Omregulering og dispensasjon frå tekniske krav i plan- og bygningslova og vedtekne planar	Riksarkivarens forskrift § 7-27, nr.2 bokstav b)	B		
Planar for tilsyn og kontroll med ulovlege tiltak	Riksarkivarens forskrift § 7-27, nr.2 bokstav c)	B		
Enkeltsaker og klagesaker vedkomande ulovlege tiltak	Riksarkivarens forskrift § 7-27, nr.2 bokstav d)	B		
Adressetildeling		B		
Fastsetting av gebyr		B		
Innkrevjing av gebyr		K	5	

I samsvar med Riksarkivarens forskrift, Kapittel 7 del III, §7-27 skal følgjande materiale bevarast for alle oppgåver innan området "*oppmåling* ";

3) Oppmåling

a) *Saker vedrørende oppmålingsforretninger jf. matrikkelloven § 33, herunder grensepåvisning, grensejustering, arealoverføring, deling og sammenføying av grunneiendom.*

Dokumenttype	**Lovverk**	**B/K**	**År**	**Merknad**
